



Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Volda samfunnshus, festsalen
Dato:	10.02.2026
Tid:	kl. 14.00

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Margrete Trovåg	Ap	medlem
Sverre Leivdal	Ap	varaordfører
Bjørnar Fylling	Frp	medlem
Heidi Berg-Rusten Grevstad	H	medlem
Sindre Rotevatn, møtte kl. 14.15	H	medlem
Jørund Stig Knardal	KrF	medlem
Ola Perry Saure	SP	medlem
Sølvi Dimmen	SP	ordfører
Kari Aslaug Hasle	SV	medlem

Andre som møtte

Aina Øyehaug Opsvik – leiar interkommunalt barnevern
Andreas Kiperberg – juridisk leiar
Jørgen Vestgarden – leiar utviklingsavdelinga
Per Ivar Kongsvik – kommunalsjef oppvekst
Regine Solberg Aklestad - planleggar
Rune Sjurgard - kommunedirektør
Sonja Håvik - møtesekretær
Tor Halvar Flacké Botnen – kommunalsjef samfunnsutvikling
Ode - Falk D. Øveraas

Inhabile	Sak	Merknad
Sindre Rotevatn	17/26	Styreleiar i Tussa Kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e, nr. 2.
Sølvi Dimmen	23/26	Dotter er part i saka, jf. fvl. 6, 1. ledd, bokstav b
Sindre Rotevatn	24/26	Styreleiar i Tussa Kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e, nr. 2.
Sindre Rotevatn	25/26	Styreleiar i Tussa Kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e, nr. 2.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 08/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/344
PS 09/26	Godkjenning av protokoll	26/344
PS 10/26	Orienteringar	26/344
OS 15/26	Orientering Ode	26/344
OS 16/26	Orientering om saksgang i barnevernsaker	25/1434
OS 17/26	Oppfølging av intensjonsavtalen med Tussa Kraft AS	26/344
OS 18/26	Samarbeid ombruksverkstad	26/344
OS 19/26	Interkommunalt samarbeid på Søre Sunnmøre 2025. Årsrapport til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	23/2014
OS 20/26	Kommunekommisjonen 9. januar 2026	19/10189
OS 21/26	Informasjon om helsereform	19/10189
OS 22/26	Arbeidsmarkedet i Møre og Romsdal i januar 2026	19/10440
OS 23/26	Sal av kommunal leilegheit	26/344
OS 24/26	Fallrettavtalen med Tussa Energi AS	24/914
OS 25/26	Strukturell organisering/styrande organ i Tussa Kraft AS	26/344
OS 26/26	Budsjettvedtak verbalpunkt Dalsfjord skule	
PS 11/26	Søknad om unntak for tidsbestemt bruksendring til asylmottak - Morksenteret	26/356

Volda, 11.02.2026

Sølvi Dimmen
ordfører

PS 08/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Behandling:

Sakliste

Orienteringssak OS 16/26 vert handsama etter kl. 16.00.

Kari Hasle (SV) bad om ei orientering knytt til verbalpunkt i budsjettvedtaket om Dalsfjord skule.

Tilsyn Hornindal skule

Ola Perry Saure (SP) tok opp spørsmål om tilsyn av born som kjem med buss til Hornindal skule før skulestart. Kommunalsjef for oppvekst, Per Ivar Kongsvik, informerte om at elevane har høve til å gå inn i skulebygget før undervisninga startar. Rektor vil kartleggje behovet for naudsynt tilsyn. Inntil denne kartlegginga er gjennomført, vil kommunen sørgje for tilsyn også i perioden før skulestart.

PS 09/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 27.01.2026 vart godkjent.

PS 10/26 Orienteringar

OS 15/26 Orientering Ode

Sindre Rotevatn møtte kl. 14.15.

Falk D. Øveraas frå Ode AS orienterte om verksemda og planar føretaket har framover. Øverås la også fram Ode sitt syn knytt til Volda kommune si klage til utviding av lokaliteten i Alida.

OS 16/26 Orientering om saksgang i barnevernsaker

Leiar for interkommunalt barnevern Aina Øyehaug Opsvik orienterte.

OS 17/26 Oppfølging av intensjonsavtalen med Tussa Kraft AS

Inhabile	Merknader
Sindre Rotevatn	Styreleiar i Tussa Kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e, nr. 2.

Behandling:

Andreas Kiperberg orienterte om avtale kring uttak av konsesjonskraft og utbetaling av eigedomsskatt.

OS 18/26 Samarbeid ombruksverkstad

Planleggar Regine Solberg Aklestad informerte om at kommunen har fått kr. 350000 i tilskott til klimasatsprosjekt. Kommunen ønskjer å bruke midlane til å løne ei prosjektstilling. Ulstein har også søkt på midlar knytt til dette. Dersom Ulstein får tilsagn på søknaden sin, er det ønskeleg å få til eit samarbeid knytt til dette prosjektet. Formannskapet var positive til eit slikt samarbeid.

OS 19/26 Interkommunalt samarbeid på Søre Sunnmøre 2025. Årsrapport til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

OS 20/26 Kommunekommisjonen 9. januar 2026

OS 21/26 Informasjon om helsereform

OS 22/26 Arbeidsmarkedet i Møre og Romsdal i januar 2026

OS 23/26 Sal av kommunal leilegheit

Inhabile	Merknader
Sølvi Dimmen	Dotter er part i saka, jf. fvl. 6, 1. ledd, bokstav b

Behandling:

Varaordføraren tok sete som setteordførar.

Kommunalsjef samfunnsutvikling, Tor Halvar Botnen, viste til at ein leigetakar ønskjer å kjøpe ein kommunal bustad som vedkommande bur i. Kommunen manglar reglement knytt til sal av kommunale bustader og ønskjer formannskapet sitt syn på saka. Formannskapet var positive til sal og vil få saka attende til politisk handsaming.

OS 24/26 Fallrettavtalen med Tussa Energi AS

Vedtak:

Inhabile	Merknader
Sindre Rotevatn	Styreleiar i Tussa Kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e, nr. 2.

Behandling:

Ordføraren viste til 2. avsnitt i vedlegget "Vidareføring av leigeavtale utan tidsavgrensing Tussa kraftverk - Volda kommune", og drøfta moglege endringar. Formannskapet kom med innspel til ordføraren til vidare arbeid.

OS 25/26 Strukturell organisering/styrande organ i Tussa Kraft AS

Vedtak:

Inhabile	Merknader
Sindre Rotevatn	Styreleiar i Tussa Kraft AS, jf. fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e, nr. 2.

Behandling:

Ordføraren foreslo å lukke møtet med heimel i kommunelova § 11-5, offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13. Forslaget vart samrøystes vedteke. Kommunedirektøren orienterte deretter om saka. Saka vart drøfta, og formannskapet kom med innspel og synspunkt til ordføraren for det vidare arbeidet.

OS 26/26 Budsjettvedtak verbalpunkt Dalsfjord skule

Ordføraren informerte om at kommunen, i samarbeid med FAU og grendeutvala i Dalsfjorden, vil invitere alle foreldra i bygda til eit møte der ein kan jobbe saman for å skape framtidstru for bygda.

PS 11/26 Søknad om unntak for tidsbestemt bruksendring til asylmottak - Morksenteret

Vedtak:

Volda kommune gir ikkje unntak frå krav om søknad om løyve til tidsavgrensa bruksendring av Morksenteret (Rydet 16/gnr 11 bnr 18) til asylmottak jf. pbl § 20-9 samt «Midlertidig forskrift om unntak fra plan- og bygningslova for å håndtere høye ankomster av fordrevne fra Ukraina».

Grunngjeving for avslaget:

Kommunen har busett eit stort antal flyktningar dei siste åra. Samanlikna med kommunar på Volda sin storleik har Volda kommune teke eit større humanitært ansvar for å hjelpe staten med å busetje flyktningar som har kome til landet. Kommunestyret vedtok i sak 5/26 den 5. februar å busetje 40 flyktningar i 2026. Også dette talet ligg over det som er vurdert som berekraftig gjennomsnittleg busetting i Volda. Avgjerda om 40 flyktningar baserer seg på at kapasiteten i tenestene er utnytta til det fulle, og at den samla busettinga i Volda kommune representerer eit så stort press på tenestene at dette inneber ein risiko både økonomisk og kvalitetsmessig. Samtidig er kommunen i ein svært pressa økonomisk situasjon med store nedskjæringar, også i kjernetenestene som helse/omsorg og oppvekst.

Eit asylmottak med inntil 150 plassar som vil kunne utløyse behov for kommunale tenester med påfølgjande meirbelastning på tenestene. Dette kan få ytterlegare konsekvensar for kapasiteten og kvaliteten på tenestene. Med bakgrunn i budsjettprosessen i fjor haust med reaksjonar frå innbyggjarane på dei kutta som er gjort, kan eventuell usikkerheit omkring kva eit asylmottak med inntil 150 plassar kan ha for lokalsamfunnet og dei kommunale tenestene til innbyggjarane, skape ei kommunikasjonsmessig utfordring.

Jamfør pbl § 20-10 tredje ledd skal kommunen ved avslag på anmodning om unntak orientere om andre alternative eigedomar eller egne bygg som kan takast i bruk. Vi har så langt ikkje kjennskap til andre slike eigedomar eller bygg i kommunen som kan vere eigna til asylmottak.

Behandling:

Jørgen Vestgarden, leiar for utviklingsavdelinga, orienterte om saka.

Votering

Det vart røysta alternativt mellom alternativ ein og alternativ to. Alternativ to fekk 7 stemmer og vart vedtatt, to stemte mot.

Stemte for parti alternativ 2: AP (2 stemmer), SP (2 stemmer), KrF (1 stemme), FrP (1 stemme), H (1 stemme)

Stemte mot parti alternativ 1: SV (1 stemme), H (1 stemme)

Stemte for personar alternativ 2: Margrete Trovåg (AP), Sverre Leivdal (AP), Bjørnar

Fylling (FrP), Heidi Berg-Rusten Grevstad (H), Jørund Stig Knardal (KrF), Ola Perry Saure (SP), Sølvi Dimmen (SP)

Stemte mot personar alternativ 1: Sindre Rotevatn (H), Kari Aslaug Hasle (SV)

Kommunedirektøren si tilråding:

Alternativ 1

Volda kommune gir unntak frå krav om søknad om løyve til tidsavgrensa bruksendring av Morksenteret (Rydet 16/gnr 11 bnr 18) til asylmottak jf. pbl § 20-9 samt «Midlertidig forskrift om unntak fra plan- og bygningslova for å håndtere høye ankomster av fordrevne fra Ukraina».

Unntaket vert gitt med vilkår om at krav til branntryggleik etter byggt teknisk forskrift kapittel 11 er oppfylt.

Unntaket gjeld til den 10.02.2028.

Tiltakshavar/eigar skal sjølv sørge for at bruken straks opphøyrer når fristen er utløpt eller behovet for unntak ikkje lenger er tilstades.

Grunngjeving for unntaket:

UDI har stadfesta eit nasjonalt behov for asylmottak rundt i landet og nokre kommunar må vere vertskommunar. Det er eit kollektivt ansvar og Volda kommune ønskjer å ta dette ansvaret. Lokasjonen Morksenteret kan nok vere godt eigna for asylmottak. Det ligg relativt skjerma og det er store uteareal og friområde i tilknytning til eigedomen. Eit asylmottak vil tilføre arbeidsplassar og generere omsetning. Det er også positivt å ta i bruk eksisterande bygningsmasse som i dag står ubrukt.

Alternativ 2

Volda kommune gir ikkje unntak frå krav om søknad om løyve til tidsavgrensa bruksendring av Morksenteret (Rydet 16/gnr 11 bnr 18) til asylmottak jf. pbl § 20-9 samt «Midlertidig forskrift om unntak fra plan- og bygningslova for å håndtere høye ankomster av fordrevne fra Ukraina».

Grunngjeving for avslaget:

Kommunen har busett eit stort antal flyktningar dei siste åra. Samanlikna med kommunar på Volda sin storleik har Volda kommune teke eit større humanitært ansvar for å hjelpe staten med å busette flyktningar som har kome til landet. Kommunestyret vedtok i sak 5/26 den 5. februar å busette 40 flyktningar i 2026. Også dette talet ligg over det som er vurdert som berekraftig gjennomsnittleg busetting i Volda. Avgjerda om 40 flyktningar baserer seg på at kapasiteten i tenestene er utnytta til det fulle, og at den samla busettinga i Volda kommune representerer eit så stort press på tenestene at dette inneber ein risiko både økonomisk og kvalitetsmessig. Samtidig er kommunen i ein svært pressa økonomisk situasjon med store nedskjæringar, også i kjernetenestene som helse/omsorg og oppvekst.

Eit asylmottak med inntil 150 plassar som vil kunne utløyse behov for kommunale tenester med påfølgjande meirbelastning på tenestene. Dette kan få ytterlegare konsekvensar for kapasiteten og kvaliteten på tenestene. Med bakgrunn i budsjettprosessen i fjor haust med reaksjonar frå innbyggjarane på dei kutta som er gjort, kan eventuell usikkerheit omkring kva eit asylmottak med inntil 150 plassar kan ha for lokalsamfunnet og dei kommunale tenestene til innbyggjarane, skape ei kommunikasjonsmessig utfordring.

Jamfør pbl § 20-10 tredje ledd skal kommunen ved avslag på anmodning om unntak orientere om andre alternative egedomar eller egna bygg som kan takast i bruk. Vi har så langt ikkje kjennskap til andre slike egedomar eller bygg i kommunen som kan vere eigna til asylmottak.